

Frekvensen av plante- og dyrenamn i Dovresno-bøkene

Namn og klassifisering

For ikkje lenge sidan vart alle biologiske organismar klassifiserte i planteriket eller dyreriket. Men moderne sellestudiar og ei eksplosiv genteknologisk utvikling har resultert i at dette blir oppfatta som alt for enkelt. No reknar ein med meir enn ti rike, og det skal innebære at dei har utvikla seg uavhengig av kvarandre. Det viktigaste å nemne her er at det er stilt opp eit eige sopprike. Eit viktig skilje mot plantane er at soppene manglar klorofyll, og faktisk skal dei vera mest i slekt med dyra. Av praktiske grunnar, og fordi dei er lite omtala hos Krokann, er dei med under omgrepet plantar her. Eit tredje rike er truleg også representert. Namna trøllspy og frokkspey er i litteraturen identifiserte med *glye*, som tidlegare vart klassifisert som ein blågrønalg. Desse organismane manglar sellekjerne og blir no førde til bakterieriket, og rett namn er da blågrøn bakteriar. Dei er med under A2 Blomsterlause plantar.

Den viktigaste eininga for klassifisering av plantar og dyr er arten, og det finst eit strengt vitskapleg regelverk for å avgrense og gje artane namn. Artar blir samla i slekter som tilhøyrer familiar, og familiarne blir grupperte i ordenar. Alle desse kategoriane er nytta i dette arbeidet. Ein art kan ha berre eitt gyldig vitskapleg namn. Velkjende artar har gjerne fleire norske namn. Hos dyr er namna oftast knytte til kjønn og alder. Ulike norske namn på plantar og dyr er verdifullt tradisjonsstoff og til ein viss grad levande. Men sjølv om det var gode tradisjonsnamn å velje i, har dessverre mange litterære former gått inn som offisielle norske namn. Krokann skriv om gullbost, som er det vanlegaste ikkje-litterære norske namnet på løvetann; dette er eit godt namn og kunne gjerne vore det offisielle norske namnet. (Løve-

tann tilhøyrer i dag slekta *Taraxacum*, men vart ein gong kalla *Leontodon* som no er rett namn på følblomslekta; ordet løvetann kjem direkte av latin *leon*, løve, og *odus*, tann, så det er mykje papirknitring der.)

Men folkelege namn er ikkje alltid eintydige; snarlike plantar kan bli blanda saman, og gullbost er eit godt døme på det. På veg for å klaga til kongen er Stingrim og Jo i Mjøstraktene, det er kring marimess (25. mars) og "snø-klank i vegane"; "... hesten blir gåande og knipe i marka som han sjølv vil; for her er heilt bert, og noko slag gullbost har alt runni opp i bakkane." (UH 115). Utan tvil er dette hestehov (leirfivel), som derfor er kalla gullbost (II), løvetann er kalla gullbost (I).

For plantar, sopp og bakteriar er det vitskaplege namnet teke med i samlelista; det er samansett av eit slektsnamn etterfølgd av eit såkalla arts-epitet. Slektsnamnet skal alltid ha stor første bokstav og arts-epitetet liten, og begge skal vera kursiverte, til saman utgjer dei det vitskaplege artsnamnet. Når fleire artar i same slekt følgjer tett etter kvarandre i ei tekst, blir slektsnamnet i det andre og seinare namn normalt forkorta til første bokstav, men ein les likevel heile ordet. Dersom slekta er kjend men arten usikker, skriv ein t.d. *Carex* sp., som tyder ein ubestemt art (species) i storslekta; *Sphagnum* spp. tyder to eller fleire ukjende artar i torvmoseslekta.

Krokann har t.d. fire namn som tilhøyrer bjørkslekta *Betula*, men dette er berre tri artar: *B. nana*, *B. pendula* og *B. pubescens*. Han kallar den første dvergbjork og fjellris, den andre kvitlegg-bjork, og den tredje bjork; offisielt heiter dei no dvergbjork, hengjebjork og bjork. Ikkje alle Krokanns namn har vore lette å identifisere,

og det er enno nokre som er usikre. For virveldyra er dei vitskaplege namna lite bruka, og for dei svært artsrike og småe virvellause dyra kan det ofte vera umogleg å vita det rette artsnamnet. Vitskaplege dyrenamn er derfor ikkje med her.

Grunneininga i arbeidet med registreringane har vore det som er kalla hovudnamn, og i størst mogleg grad er det meint å gjelde ein art. Når minst to namn er bruka på same arten, er eitt til mange førde som undergruppenamn. Det vanlegaste namnet er med få unntak vald som hovudnamn. Krokann brukar t.d. namnet toll like ofte som furu, og har parallelle ord med dei to: furu/toll: -legg; -mo; -skog; -topp; kraggfuru/ kraggtoll, stakkstó-furu/ stakkstó-toll og storfuru/ stor-toll. Elles er undergrupper oppretta for andre naturlege einingar, særleg plantedelar og veksestader.

Nokre av Krokanns namn kan ikkje identifiserast med ein art, men heller med fleire artar, ei heil slekt, eller med ein familie, orden eller heile dyre- eller plante-gruppa. Døme på måteleg avgrensing er ormgras, som kan vera eit fellesnamn for bregnar (Donali 1988, Aalbu 2004), men som her truleg er ein til to burkne-artar pluss ein til to telg-artar, og myrull som må vera (ein eller fleire av) tri artar som veks i fjellet, sjå samlelista for botanikk. Frå slike namn er det ein jamn overgang til reine gruppenamn som står for mange artar, t.d. lyng, gras og sopp eller fugl, fivreld og kongro.

Kommentarar til dei botaniske hovudnamna

Det er nytta 114 hovudnamn for plantar i bøkene (medrekna sopp og ein blågrønbakterie); av dette er 76 godt avgrensa artsnamn (t.d. blåbær og kvitsymre), 15 upresise men slektsbestemte namn (t.d. eik og myrull), og 23 upresise gruppenamn for fleire slekter og ofte familiar (t.d. tre og mose (I)). Alle dei omtala hovudnamna er utheva (nokre i b.f. eintal), men berre første gong dei er nemnde eller der det står mest om dei. Kommentrar til plantegruppene (sjå samtidig neste kapittel: Summen av sidetal for botaniske hovudnamn ...):

A1a. Tre og buskar, ville og dyrka

25 *hovudnamn*. Ein stad i ein draum er det ei regelrett opprekning av treslag: ”Og buskor og tre rann i veret: eine, furu, bjørk, hegg, rogn, selje, asp – og så mange ho [Magnill] aldri hadde set eller høyrte namn på eingong.” (UH 187; også i UH(41) 220 står det asp og ikkje osp). Vi skulle gjerne visst, men får aldri vita meir om desse ukjende slaga.

Dei mest omtala trea og buskane viser at vi er i Oppdal, ingen tvil om det. **Furu** og **bjørk** set like stort preg på bygda som på bøkene, og **einen** som følgjer som ein god nummer tri er like særprega. Det med einen er svært spesielt, fordi han, i motsetning til dei andre van-

lege trea og buskane, *ikkje ein einaste gong* er omtala elles i bøkene til forfattaren (sjå: Tillegg). Hovudnamnet **tre** er eit samlenamn, men det meste som inngår der gjeld furu og bjørk (t.d. undergruppene bar, kvist, lauv, legg, nål, rot og topp). Romanane går føre seg i ei bygd med mykje skog, og Krokann skaper eit mytisk landskap med furuskog, vatn og heilage fjell: ”Å nei, å nei! – det var *Sissihøa* ho der i sør! Og bratte Kinna-fjellet her framme! Og der nede – blanke Bjønnsvatne! Og skogen rundan ikring han – denne svale, blåe tollskogen!” (ID 96). Romantikkens blå blome for Krokann: eit treslag og ein skog: ”Dei [Roald og Jartru godfarsøst] ruslar iveg att, sør gjennom blåe tollskogen. Våren angar så sterkt frå honom òg.” (ID 80).

Etter dei to dominerande treslaga følgjer **osp**, **rogn**, **hegg**, **older** og **selje**, som gjennom ulike årstider gjer mykje av seg, med blomar om våren og bær og haustfargar.

Og så **grana**, som dominerer landskapet fullstendig i mange trøndske dalar: ”På austsida, i Bjønnsvassli-morkin, er ... einaste villvaksne granskogen i bygda.” (Rise 1947: 16). Det er derfor naturleg at grana er sjeldan nemnd i bøkene, og granskogen får ingen god attest av oppdalingen Krokann: ”Han [Jehans] hadde tykt det var tungt og stussleg med den mørke grana i Rennbu’ m ...” (GL 47). Det er nok òg granskogen fjellfolket [Stingrim og Jo] møter langs ’Storvatne’ – Mjøså: ”Denne eften bar det inn i så tung og mørk skog, at det vart reint nifst då kvelden kom.” (UH 115). Og langt seinare da Stingrim er på heimveg frå fangeholet på Akershus: ”Då blåtonen over snaufjell og furuskog løyste granåsane og dei mørke liene av, tok Vale til å mulle på ein tone.” (UH 289).

Det som berre heiter bjørk kan ha slett stomn med lys never, medan hengjebjørka ofte har grovare bork, i alle fall nedst. Men kanskje kallar Krokann likevel hengjebjørka for **kvitlegg-bjørk**. Dette namnet er også bruka to stader i *Dikt* (Krokann 1947a), først i ’Tvo Kalevala-umsetjingar. I’, og i ’Lyft våre augo –’ (del IV) skriv han om ”skire hengbjørk så kvit i leggen”. Alt tyder på at Krokann med desse namna tenkjer på eit anna slag bjørk enn det som veks i fjellbygdene. Det kan også ha spela inn at i bjørkbeltet er nevra oftast dekt av lav, m.a. brunsvart snømallav *Melanelia olivacea*.

Klunger er villrosar, og det er mange norske artar, men i Drivdalen veks kanskje berre ein art. På sand og grus sør for nedre del av Vinstra er det i dag kratt av kanelrose. Dette er ein hardfør art som også kunne vekse der i romantida, og som kunne gje førestellingar til dei religiøse omgrepa klungermo, klungkrans, klungskog o.l. Med rose meiner ein helst dyrka artar, men slik ordet er bruka i romanane er det ikkje naturleg å ha to hovudnamn. Rose er derfor ført som undergruppe under klunger her (men sjå Tillegg).

Ein kunne ha venta at vierartar og **dvergbjørka** vart oftare nemnde. Dei dominerer i vigga og i fjellet med

sølvfargar og blodraud haustfarge, og særleg i *I Dovresno* er Roald på fjellet og fer att og fram lange stunder. I vigga på begge sider av vegen over Melielva (ca. 1020 m o.h.) innafor Lossætrin er eit fleire hundre meter breidt vierbelte med sju større artar: bleikvier, grønvier, lappvier, myrtevier, svartvier, sølvvier og ullvier. Dette er ofte kalla sæterregionen, og derfor er ordet sæter registrert som undergruppe til **vidje (I)**. Og førekomsten av namnet 'vidje' er delt i to, vidje-byskj gjeld truleg vierartar (*Salix* spp.), mens resten er ført til bjørk – som i all hovudsak vart samla og vridd til ymse slag band for reiskapar og dyr (Høeg 1974). Vidje-byskj ved elvane er oftast dei store artane, særleg svartvier *Salix myrsinifolia* s.l. og grønvier *S. phyllicifolia* (pluss krysnningar millom desse).

Fire spesielle tre har fått eigennamn og spelar ei rolle i forteljinga: Daurogna på Lo, Ølmtølln (berre i dativ) på den gamle rettarstaden, og to som er kalla Gamelbjørka (ei på Lo og ei på Rånnåm). Omgrepet stakkstó-tolla i Gismadalen (GL 202 ofl.) er òg nærast for særnamn å rekne, men her har ikkje Krokann stor førstebokstav. Det same gjeld 'storbjørka' på Øya ved Fosseshøla, som Jo "tydde ... seg åt" før han "og storbjørka stupar i den ville straumen" (UH 199, 200).

Frå alle desse hardføre treslaga i dovresno får vi av og til korte glytt inn i ei lunare låglandsverld, der varm vind veiftar i store kroner av **lind**, **eik** og **bøk**.

A1b. Lyng

6 hovudnamn. Furuskogar og tørre bjørkskogar er lyngdominerte, i likskap med dei fleste snaue udyrka område i bygda og på fjellet. Slik sett er det ikkje særleg mykje skrive om lyng i bøkene. Når dei brende tjuru (lik Jehans i GL 143), bruka dei lyngtorv på toppen av mila. "Lyngtorva hadde den eigenskapen at den sleppte på passeleg med trekk, samstundes som den sleppte ut damp og kondens, men var òg så tett at varmen ikkje fekk tak til å loge opp." (Godtland 1980: 25). Lyngartane varierte sjølvsaugt etter plassen, men **blåbær**, **tytling**, **hestlyng** og **krekling** var nok vanlege der dei arbeidde.

Myrtyte er tranebær, og det er to norske artar – stortranebær i lågare strok, og den vanlegare småtranebæra; namna seier noko om storleiken på plantane og bæra. Da Guri finn myrtyte ved ei kaldvetle på veg til Dalsga'rn i Gismadalen, blir bæra omtala som "stor og sur og god" (PL 137). Likevel veks truleg ikkje stortranebær der (kontrollert på 'Trånnåmyra' og andre stader i området).

Samlenamnet **lyng** er bruka like mange gonger som dei andre til saman, og dekkjer fleire artar enn dei som har fått namn; blålyng, greplyng, mjølbær, rypebær og skinntryte er vidt utbreidde, og ein eller fleire dominerer ofte i den opne skogen og på fjellet der romanane går føre seg. Da Stingrim kom ned Tronddalsbrøttom, "nådde frampå Skoresleto", og såg at Losgjer-husa

brann, seig han "... beint ned på tørre lyngrabben der"; og linfeksingen "... vart så gåande ... ikring han og klippe i steinknuster og lyngrask." (PL 7). Dette er ein god veksestad for mange lyngartar. Krekling blir tradisjonelt ført til ein eigen familie, slik som her, men vil truleg gå inn i lyngfamilien i framtida (Lid & Lid 2005).

A1c. Urter og grasvokstrar, ville

43 hovudnamn. Dette er den mest artsrike plantegruppa. Men ikkje eit einaste eintydig artsnamn er nemnt på meir enn seks sider, og heile 22 hovudnamn finst berre på éi side.

Geitklauv er på topp, fordi det er den mest bruka lækjeplanten i bøkene, og det ikkje heilt utan grunn. "Bukkeblad ... inneholder bitterstoffer og brukes som appetittvekkende og fordøyelsesbefordrende middel (amarum) i den humane medisin så vel som i veterinærmedisinen." (Christophersen 1960). I *Då bøndene reiste seg* (Krokann 1937: 32f.) høyrer vi at 'jordbruksnemnda' i Oppdal skreiv inn til 'Administrationen' først på 1830-talet "om eventuell avsetnad for «fleere Medicinske Planter t.Ex. bidske Kløverblade o.d.l.»". "Gjetklauv og besk-kløver ..., koka som te mot krimsjuke, forkjøling." (Rise 1947: 50) og "... når dei var krimfull, andtappa eller tæft" (Rise 1951: 178; orda er forklarar av Rise 1933, som forkjølt, tungpusta og tett i nasen). Dette refererer sikkert til ein svært gamal tradisjon. På ei lokal Internettside (www.rolv.no/urtemedisin) kan ein lesa at planten kan brukast mot: "Dårlig appetitt, dårlig fordøyelse, gjæring i tarmen, leversykdommer, halsbrann, kvalme, feber, uregelmessig menstruasjon, forkjølelse, influensa, tørr hoste, sår, eksem, revmatisme, gikt, leddbetennelse, ødem og skabb." Godt Magnillane og dei andre hadde geitklauv!

Tyrhjelm er kalla **tørhalm** i bygda; han er giftig og blir ståande att der dyr beiter. "Til krytyrvask for lus koka dei rota av «tørhalm» ... " (Rise 1951: 195). Krokann forklarar namnet tri gonger, og brukar einaste gongen i utgåver av bøkene eit vitskapleg (latinsk) namn: *Aconitum septentrionale* (GF/II(31) 34).

Kvitsymra er like vanleg i bøkene, truleg fordi ho er eit etterlengta kjært vårteikn. Krokann plukka denne symbolkvite blomen og nytta han i ei av dei mest levande samanlikningane i norsk poesi: "Og alle smålømba i kveldssola dansar/ og kliv etter skortom som kvitsymre-kransar ..." (PL 178).

Andre lettkjennelege, fine blomar er **blåkløkke**, **gullbost (I)**, **kvit-smære**, skogskire, **skogstjerne** og **soleihøv**. Det er midt i mai, og det unge paret [Lars og "ho"] som skal slå seg ned på Dalsgarden kvilde "aller nørdest på Vó'rn": "Heile Gismada'ln låg under dei Og kvar ein voll og sæter-vang heilt gul, – gylne øyar av gullbost og soleihøv i alt det grøne." (GL 199f.).

Og her passar det å nemne eit plantenamn det vart spekulert mykje på, og som lenge hadde uviss tyding; det er med i den vakre, såre 'Songin hinna Søber' (utan